

---

Vår referanse 2020/60255-2  
Dato 05.08.2020

---

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - Tveiten Øvre - gnr. 138, bnr. 6 - Alver

Vi viser til brev med tilhøyrande dokumentasjon datert 17.07.2020 i samband med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 138, bnr. 6 i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at traseen kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. I nærområdet er det registrert fleire automatisk freda kulturminne, blant anna førhistoriske- graver og busettingsspor (Askeladden-id. 148449, 148451, 148452, 148453 og 148456).

Plasseringa og det totale omfanget av vegen gjer at vi likevel vurderer potensialet for funn av automatisk freda kulturminne til å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

Med helsing

David J. Aasen Sandved  
seksjonssjef

Sigrun Wølstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*